



DEN NORSKE KYRKJA
Etnedal kyrkjelege fellesråd

Etnedal kyrkjelege fellesråd
v/ Marie Bjørnødegård
Kyrkjevegen 26
2890 ETNEDAL

Etnedal, den 24. februar 2020

Hamar Bispedømmeråd
v/gravplassrådgjevar
Postboks 172
2302 HAMAR

**SØKNAD OM UTVIDING AV KYRKJEGARDEN OG UNIVERSELL UTFORMING
AV INNGANGSPARTIET VED NORD- ETNEDAL KYRKJE.**

Nord- Etnedal kyrkjegard vart sist utvida i 1975 og har i dag 307 kistegraver. Kyrkjegarden har få dobbelgraver, samt eit felt med 50 år fredingstid grunna leirholdig grunn. Det er eit behov for å utvide kyrkjegarden, og det er eit prosjekt Etnedal kyrkjelege fellesråd har arbeidd lenge med.

Grunna mange utsettingar på den nye reguleringsplan ved Nord- Etnedal kyrkje med utviding av kyrkjegard og parkeringsplass har me utsatt å sende søknad om utvidinga i lengre tid. Innsigelsar frå NVE og Statens vegvesen har take lang tid å få orden på, men no er reguleringsplana endeleg vedtatte i kommunestyret i Etnedal.

Asplan Viak har prosjektert ei utviding sørvest frå kyrkja mot Dalselva. I detaljplanen er alt godt belyst, også den universelle utforminga av inngangspartiet på kyrkja. Den universelle utforminga av inngangspartiet vart Etnedal kyrkjelege fellesråd utfordra på av Hamar biskopen under bispevisitasen hausten 2017. Etnedal kyrkjelege fellesråd ynskjer å starte på prosjektet våren 2021, i 2020 skal me sørgje for godkjenningar og finansiering av prosjektet.

Kyrkjegarden utvidas med til saman tre felt F, G og H. Felt H vert minnelund. Totalt er det ved utbygginga lagt inn 185 kistegraver og 94 urnegraver.

Håper på eit positivt svar.

Dersom de treng meir informasjon eller noko manglar i søknaden kan de ta kontakt på telefon: 61 12 13 23 eller e-post: mb836@kyrkja.no

Med venleg helsing

Marie Bjørnødegård
Kyrkjeverje i Etnedal

POSTADRESSE:
Kyrkjevegen 10
2890 ETNEDAL

KONTORADRESSE:
Kyrkjevegen 26
2890 ETNEDAL

KONTAKT OSS:
61 12 13 20
post.etnedal@kyrkja.no



DEN NORSKE KYRKJA

Etnedal kyrkjelege fellesråd

Vedlegg til søknad:

1. Oversendelse av vedtatt reguleringsplan for Nord- Etnedal kyrkje, Etnedal kommune
2. Kommunestyrets vedtak sak 134/19
3. Planbeskrivelse
4. Plankart
5. Uttale helsefagleg myndigheit Etnedal kommune
6. Nord- Etnedal kyrkjegard – planomtale
7. Uttale gravplasskonsulenten
8. Skred AS - rapport
9. Nord- Etnedal kyrkjegard – teikningshefte
10. Møteprotokoll frå Etnedal kyrkjelege fellesråd sitt møte 20. februar 2020